

Kvifor flytter folk frå fjellbygder utan arbeidsløyse



østlandsforskning

Asgeir Skålholt

Data - to prosjekt

- Interreg IV
 - Å gjøre regionale forskjeller til styrke - Attraktivitet, regionalisering og globalisering i Indre Skandinavia
- Jenter mot strømmen
 - Regionrådet, Høgskolen i Lillehammer og Østlandsforskning
 - Bulyst og folketalsutvikling.
 - Rekruttering til arbeidsliv (spesielt leiarstillingar) og næringsetablering

Kvifor fokus på "bulyst"?

- Menneske driv økonomisk utvikling (t.d. Floridas teori om regional utvikling)
- Fokus vekk frå jobbskaping, til det å tiltrekke seg arbeidskraft
 - I ein slik samanheng gir det meining å gjere stadar attraktive
- Kven, kva, kor (kva skal eg gjere, med kven skal eg leve, og kor skal eg gjere det)

Flytteparadokset

- Flyttemotivundersøkelsen
 - Færre flytter på grunn av jobb
 - Familie, stad og bustad er no viktigare enn arbeid
 - Ein av tre Oslo-busette vil flytte på landet (Bygdeforskning)
 - Ein av fire vil flytte ut av Oslo (storbyundersøkinga)
- Kvifor opplever ein moturbanisering?
 - Kvifor opplever vi til og med økt urbanisering i tidar der det er lett å få seg jobb
 - Folk flyttar frå der det tilsynelatande er godt å bu, til der det er mindre godt å bo

Kven vil ikkje bu her?



Det store paradokset: Kvifor flytter folk frå der dei trivst, til der dei ikkje trivst?

Foto: valdres.no

SSBs levekår	DNs beste kommune	NHO/TF Attraksjon	Flytteoverskudd
1 Hornindal	1 Luster	1 Rennesøy	1 Ullensaker
2 Utsira	2 Leikanger	2 Sørumsund	2 Hvaler
3 Vindafjord	3 Forsand	3 Bokn	3 Nannestad
4 Stranda	4 Suldal	4 Ullensaker	4 Skedsmo
5 Rennesøy	5 Masfjorden	5 Eidsvoll	5 Rennesøy
6 Leikanger	6 Sirdal	6 Sør-Odal	6 Sørumsund
7 Sandøy	7 Hjelmeland	7 Hole	7 Gjerdrum
8 Masfjorden	8 Siljan	8 Skedsmo	8 Askøy
9 Hemsedal	9 Tydal	9 Kvitsøy	9 Spydeberg
10 Sola	10 Lærdal	10 Aurskog-H.	10 Eidsvoll
66 Lesja	41 Lom	31 Etnedal	74 Jevnaker
76 Vang	45 Vang	47 Øystre Slidre	77 Gjøvik
87 Gausdal	61 Lesja	51 Gjøvik	84 Østre Toten
98 Skjåk	68 Skjåk	59 Lunner	90 Øystre Slidre
99 Sør-Fron	89 Sør-Aurdal	62 Lillehammer	91 Gran
100 Øystre Slidre	101 Etnedal	80 Gran	99 Lillehammer
134 Lillehammer	115 Vågå	101 Vestre Toten	100 Etnedal
135 Lom	119 Gausdal	142 Lom	127 Øyer
136 Øyer	132 Øyer	179 Nord-Aurdal	149 Lunner
150 Etnedal	150 Ringebu	185 Vågå	172 Skjåk
160 Vestre Slidre	152 Sør-Fron	202 Sør-Fron	185 Gausdal
177 Vågå	159 Vestre Slidre	203 Sel	190 Dovre
178 Nord-Fron	164 Nord-Fron	208 Øyer	191 Søndre Land
179 Ringebu	181 Østre Toten	211 Jevnaker	210 Nord-Aurdal
221 Lunner	194 Øystre Slidre	225 Nord-Fron	213 Nordre Land
231 Østre Toten	207 Gran	258 Østre Toten	217 Vågå
239 Nordre Land	224 Dovre	259 Søndre Land	229 Vestre Slidre
249 Sør-Aurdal	254 Søndre Land	264 Nordre Land	234 Ringebu
256 Gran	278 Nord-Aurdal	281 Lesja	254 Nord-Fron
274 Sel	285 Lunner	299 Skjåk	290 Vang
275 Søndre Land	333 Lillehammer	319 Dovre	295 Sør-Fron
276 Nord-Aurdal	343 Gjøvik	327 Ringebu	304 Vestre Toten
286 Dovre	358 Vestre Toten	345 Gausdal	308 Sør-Aurdal
294 Jevnaker	364 Nordre Land	373 Sør-Aurdal	310 Lesja
318 Gjøvik	369 Sel	408 Vestre Slidre	315 Lom
343 Vestre Toten	374 Jevnaker	430 Vang	333 Sel

Kven har vi prata med


- Møte og intervju med 45 studentar på NTNU, UiB, UiO og UMB
- Intervju med 12 kvinner busette i dei seks kommunane
- Intervju med 8 etablerarar som er kvinner
- Intervju med 11 personar i tiltaksapparatet (næringsssjefar, næringshagar, rekneskapskontor, Innovasjon Noreg, andre rådgjevarar)

Studentane vil heim!

- Spørt om dei vil flytte heim, eller tilbake svarar eit stort fleirtal at det skal dei, etter kvart

Sin barndoms lukkelege dal

- Det å flytte heim er knytt til eit ønskje om at eins eigne born skal vekse opp der ein sjølv har gjort det



Kjelde: Hellevik
(2008)

Lengre utdanning

- Stadig eldre når ein går ut i jobb
 - Kor ein etablerar seg er svært viktig
 - Mobiliteten minkar kraftig med alderen, ein må få tak i folk før det er for seint!

Informant: Ikkje med det fyrste. Eg har lyst til å oppleve meir fyrst. [...] Eg trur det er ein fordel å få ein del erfaring.

Forskar. Men du seier du skal tilbake?

Informant: Ja, men det må bli når eg blir eldre.

Forskar: Eg er tretti, er det "eldre"?

Informant: Nei. Det må bli seinare, men når eg skal etablere familie så blir det meir interessant å flytte heim. Eg kunne tenkt meg å ha ungar heime da.

Lengre utdanning del II

- Mange (for mange?) treff kjærastar i studietida
 - Det vil seie at mange kjærastar har like utdanningar (utfordring for små samfunn)
 - Færre har kjærastar frå same stad
 - Mindre stadslojalitet (flytte heim til kven?)
 - Har éin i eit forhold høgre utdanning, har gjerne den andre det også

Første jobben

- Ønskje om stort fagmiljø i første jobb
 - Fordi folk føler dei enno har mykje å lære
 - Fordi dei vil prøve seg på fleire område

Mi tese

- Tesen om **den endelege flyttinga**
 - *Informant 1: Om eg hadde flytta heim att i dag, da hadde eg tenkt: var det dét? Var dette alt?*
 - *Informant 2: Viss du er ute, og skal flytte heimatt, da skal du flytte heimatt for å bli; [...] i staden for at du kan flytte heimatt, for så å flytte vidare att. Det å flytte andre plassar kan vere midlertidig, men ikkje det å flytte heimatt*

Mi tese, fortsetting

- Tesen om den endelege flyttinga II:
 - *Det er ikkje nok å ha ein god jobb ein stad, ein må ha moglegheit for å kome vidare*
 - *KOR, blir stadig viktigare, kjærastar kjem og går, det same gjer jobbar, kor du bor, derimot, er viktigare*

Kva inneber dette

- Ein må gjere det mindre farleg å flytte til bygda
- Er fokuset på det gode liv avgrensande?
- Synleggjer at folk flyttar “innom” bygda
- Kommunar må vere villige til å kompromisse for å skape større fagmiljø

Kva med dei som faktisk bur der

- Sørli's analyser viser at svært mange flyttar innom – dette viser at ein òg burde hatt "ikkje flytt vidare" tiltak, som "flytt hit" tiltak

Den rurale idyllen

- Den rurale idyllen er en sosial idyll
- *“Kven vil bo i Vågå fordi det er pent her, viss det ikkje er bra folk å vere saman med?”*
 - Samsvarar med Hellevik og ei anna undersøking eg har gjort
- *[E]g har prøvd å bu i by, og litt rundt omkring, men eg trivst godt her. Her er det eit mindre samfunn og du er synleg i samfunnet. Det er mange positive ting med det. Du blir sett som eit enkeltindivid.*
 - Moglegheit for å spele ein rolle i lokalsamfunnet

Kravstore småbarnsfamiliar

- Store krav til tenestetilbod
 - *“Dersom bygdene skal konkurrere med dei store stadene må dei vere på linje med, eller helst betre enn dei større stadene på det med hall, idrettsanlegg, kulturskole”*
 - Full barnehagedekning, kvar dag, er viktig
 - Kva med full skuleveke? Mange vil ha ungane heime, men alle?

Kva kan ein gjere?

- Skape attraktive jobbar: Det offentlege er kjempeviktig
 - Du får ikkje nyinnflyttar til bygda ved å lyse ut deltidsstillingar som vikarlærar i skulen
 - Legg til rette for å samordne kompetansesarbeidsplassar i det offentlege
- Ha kjempegode offentlege tenester
 - Store utfordringar mtp på uttynningssamfunnet
 - Kor liten skal skulen vere, før den skal leggest ned?
 - Dette auker over tid periferiulempane
 - Kommuneparadokset – små kommunar skapar engasjement og deltaking – små kommunar er utfordrande for tenesteproduksjon

Jakta på bolysta held fram

- Interreg-prosjekt: Oppland og Hedmark i Norge (+ deler av Akershus og Østfold), Värmlands og Dalarnas län i Sverige